

# BOKN

# BYGDEBLAD

Nr.3

1986

årg.1

## FISKEOPPDRETT

### Vil bli svært viktig næring i Bogn?



Dei siste åra har det blitt meir og meir klart at oppdrett er ei næring det også vil bli satsa på her i Bogn.

Bogn Bygdeblad har snakka med Svein Ove Alvestad, som er medeigar i Loden Laks A/S, og som har det daglege arbeidet sitt på dette anlegget. Me har spurt om forskjellige ting som har med oppdrettsnæring å gjera - lønnsemd, framtidsutsikter o.l., og har fått ein del synspunkt på dette.

Havbruk er planmessig bruk av

havet sin evne til å produsera mat og råstoff. Det omfattar systematisk utvikling og dyrking av fisk, skaldyr og alger, inklusiv kulturbasert fangst.

I Norge er det gode forutsetningar for havbruk. Ein har bra naturgjevne forhold, etablert næringsverksemd og tilgjengeleg kompetanse. Dei siste åra har det vore ein årleg vekst i oppdrett av laks på 40% med god lønnsemd. Marknaden for havbrukprodukt må ein seia er stor.

framhald side 2

# OPPDRETT

framhald frå side 1

I motsetning til vanleg fangst kan oppdrettsproduksjon planleggjast og styrast. Det vil seia at ein kan få langsiktige avtaler om jamne leveransar til faste prisar.

Dei to største utfordringane for Norge som havbruksnasjon er nå å auke avsetningstilhøva for laks på kort sikt, og på lengre sikt bygga ut kommersielt oppdrett av nye arter.

Loden Laks A/S er eigd av Svein Ove Alvestad, Steinar Alvestad og Leiv Våga. Dei driv oppdrett av laks og aure, med hovedvekt på laks. Oppdrettsanlegget har ein kapasitet på 5000 kubikkmeter, men har nå søkt om å auka kapasiteten til 8000 kubikkmeter. På eit anlegg som dei har i dag greier dei seg med ca. 2.5 årsverk arbeidskraft, medan ein vil trenga ca. 3.5 - 4 årsverk på eit anlegg på 8000 kubikkm. Loden Laks A/S starta i mai 1984. Dei tok då til med 24000 laks og 10000 aure. Då dei begynte å selja laksen i oktober 1985 hadde den lagt på seg frå 35 gram i starten til vel 4 kg. Nå er den ca. 5 kg. Dei vil ha selt all laksen i mai, og vil ta inn ny fisk i mai/juni. På laksen har dei hatt 10 - 15 % svinn. Det er mindre enn på auren, og i det heile er det betre fortjeneste på laks.

I Loden Laks har dei ikkje hatt nemneverdige problem med sjukdom hos fisken.

Arbeidet på eit fiskeoppdrett kan vera tungt, fortel Svein Ove. I mange arbeidoperasjonar bør det vera to personar samstundes, t.d. når ein skal skifta posar som er grodde. Det er om sommaren det er mest arbeid på oppdrettet. Det er då fisken har den beste vekstperioden, og skal matast fleire gonger pr. dag.

Det foret fisken får, kjem frå Felleskjøpet i Stavanger. Det er eit

slags tørrfor som dei får med båt. Dei både fyller i tank og delvis får dei det i sekker. Matinga av fisk tar mykje tid. Maten kjører dei ut i trillebåre og hiv han ut med ausekar eller skuffel. Det må sjølvstast etter bestemte mål i høve til mengde fisk.

Det er ein stor fordel å sitja inne med gode fakunnskaper når ein tek i ferde med eit tiltak som krev så mykje tid og pengar. Sjølv har Svein Ove tatt spesialutdanning på dette området på Austevoll.

Svein Ove meiner at det må vera god framtid i denne næringa. Men det nyttar vel ikkje å spennast forventningane høgare enn det som er realistisk. For tida har marknadene prega av mykje skotsk og Kanadisk laks, og dermed gjekk prisen på den norske laksen ned med 5 kr. pr. kg., slik at den nå ligg på 35 - 40 kr. pr. kg. rund vekt.

Det har vore lite smolt å få tak i den siste tida. P.g.a. dette har smolten vore forholdsvis dyr, og ein har då sjølvstast mindre att når laksen er salgsferdig. Men ein håpar nå på større smoltproduksjon og dermed litt lågare og meir stable på smolten.

Dei beste tilhøva for oppdrett har ein nok litt lengre nord enn Rogaland. Dette er fordi Golfstraumen om vinteren held temperaturen fin lengre nord langs kysten. Her kan det koma litt kaldt vatn frå Østersjøområdet på seinvinteren, men det er likevel brukbart her.

Svein Ove seier han likar godt dette arbeidet. Det er bra framtidutsikter i næringa. Det er fint å sjå utviklinga frå ein ser laksen som smolt til den er i salgsstørrelse. Det er også fint å arbeida i friluft. Stadig nytt å læra. Men noko 9-4 jobb er det ikkje. Ein må stå på når det er mykje å gjera.

# PRESENTASJON AV LAG OG FORENING- AR I BOKN

## I DAG: Bokn Hagelag

Bokn Hagelag starta som eit resultat av ein vervekampanje Det Norske Hageselskap gjekk ut med i 1984. Då fekk etablerte hagelag i oppdrag å freista starta nye hagelag i grannekommunane. Karmøy og Haugesund hagelag kom til Bokn, og slik kom Bokn Hagelag igang.


Det fyrste konstituerande møtet hadde me 3. april 1984, og fyrste formann var Arne Øgny. Noverande leiar er Else Kjellesvik. I dei to åra som er gått sidan oppstartinga har me jamnleg hatt medlemsmøter med forelesar utanfrå som har teke føre seg ulike emner med tilknytning til hagestell.

Antal medlemmer har auka jamnt og trutt, slik at me pr. dato har passert 40. Eit av problema til styret har vore at ein som medlem ikkje har hatt stort andre føremoner enn medlemsbladet frå Det Norske Hageselskapet. No skal me kjøpa inn ei kompostkvern som medlemmane vil få låna gratis. Like eins vil me i vår freista få til eit samlekjøp av buskar og tre hos Trond Eveit. Der vil me kunna oppnå ein viss prisreduksjon.

Det største arrangementet vårt har vor plantebytedagen i mai. I år vil me freista leggje denne dagen opp på ein litt annan måte, slik at me kan få inn litt pengar i ein slunken kasse. Soleis ber me folk som har overskot av blomar og buskar om å ta kontakt med Else Kjellesvik eller Arvid Jøsang, så vil me koma rundt og henta dette inn til plantebytedagen. Hugs at dei fleste stauder berre har godt av å bli delte. Tenk og på dei som har nye hagar og som manglar det meste av både blomar og buskar. På denne dagen vil det og bli seld ein del sommarblomar o.l. Trond Eveit kjem og med eit utval av buskar og tre. Er det noko spesielt du vil ha, kan du ringe og tinge dette på førehand.

Har du ikkje vore på nokre av møtene våre, men har lyst til å læra meir om hagestell: Møt fram på eit av møtene. Der kan du i alle fall læra av dei feila andre har gjort før deg. Du får som regel lapp i posten nokre dagar før me har møte. (NB! Du treng ikkje vera medlem for å møte opp.)

Arvid Jøsang



# Stadnamn fortel historie

Alle har vel nå høyrte om at ein samlar inn gamle stadnamn i Bokn. Det er Rogaland fylkeskulturstyret som har tatt initiativ til å berga den rogalandske namneskatten.

Oppmodinga kom til Bokn kulturstyret, som så sende oppdraget over til Bokn museumsstyret om å få folk med seg og gjera dette.

Cand. philol. Inge Særheim ved Rogalandsforskning, som er leiar for fylket sitt stadnamnprosjekt var her for eit par år sidan og orienterte om arbeidet. Han sende oss også registreringsmateriale.

Desse har vore med på arbeidet:

Sigurd Våga - for Loten - Jøsang

Solveig Ognøy og ) for Grønnestad  
Heine Søndeland ) og Jøsang

Møyfrid Vatnaland for Trosnavåg

Ove Alvestad for Torland og  
Gunderstad

Andreas Borgenvik for Borgenvik  
og Bokneberg

Østen K. Hognaland for Sæbø og  
Hognaland

Birger Lindanger for Laupland

Målfrid Kro Trosnavåg for Are,  
Trælhaug, Dagsland og Alvestad  
(har ikkje vore på Økland ennå)

Eivind Øvrebø for Ognøy og Austre  
Bokn.

Ennå er me ikkje heilt ferdige, men der er ikkje så mykje att nå. Når me har fått "gjort opp" så skal me koma att i Bygdabladet og fortelja kor mange namn me har funne, og ymse segner og historier som me har høyrte til-

knytte til enkelte namn.

Helsing til Bygdabladet  
frå leiaren av nemnda  
Målfrid Kro Trosnavåg.

## FRÅ STYRE OG STELL

### bokn barnehage

Den 19. mars gjorde Barnehagenemnda vedtak om at ein vil gå inn for å byggja ut heile 2. høgda i Kyrkjebøgd skule til barnehage. Barnehagenemnda oppmodar formannskapet om å løyva midlar til utarbeiding av tilbodsdokument for den utbygging som er nødvendig.

Utgangspunktet for at denne saka er komen opp er at funksjonshemma førskuleborn med heimel i fleire lovar har krav på spesialpedagogisk hjelp, at dei har førsterett ved opptak i barnehage m.v. Dei lokala barnehagen har i dag, kan ikkje nyttast til å ta imot born under 3 år. Dei kan heller ikkje ta imot born over 3 år med sterke funksjonshemmingar. Lokala er både lite eigna og for små. Det er derfor utarbeidd eit framlegg til utnytting av heile 2. høgda.

Den spesialpedagogiske hjelpa som kommunen pliktar å gje til førskuleborn etter skulelova, kan best nyttast om det vert i tilknytning til barnehageopphald. Vedtaket i barnehagenemnda var samrøystes. Saka skal vidare til formannskapet og kommunestyret.

## Nytt bedehus?

FRAM OG TILBAKE ER LIKE LANGT

Ein står nå igjen ved utgangspunktet som Bokn bygningsråd tok, då dei vedtok at ein parsell av kommunen sin eigedom ved Bokn mekaniske verksted på Alvestad ikkje skulle kunna omdisponerast frå jordbruksformål til tomt for bedehus. Sjølv om Bokn formannskap etterpå hadde tilrådd at dette arealet skulle kunna omdisponerast frå jordbruksformål til tomt for nytt bedehus, vedtok kommunestyret den 18. mars å utsetja saka, og at formannskapet skulle ta kontakt med søkjaren for å prøva å finna anna tomt til dette formålet.

Det var mykje debatt om denne saka i kommunestyret, med til dels svært engasjerte innlegg for og imot å bruka denne tomta. Det var ingen som uttala seg som var imot at det kunne vera positivt å få bygt nytt bedehus, men mange meinte at det var dårleg jordvern å ta dyrka mark så lenge det var andre område som ikkje ville leggja beslag på verdfull jordbruksareale som kunne nyttast. Adkomsten til dette området vart også påpeika som vanskeleg, med ein lite oversiktleg sving pluss kryss, pluss at det ligg i eit bustadområde og vegg i vegg med eit industribygg. Det var representantar frå alle parti unntatt kr.folkeparti som hadde motforestillingar, medan kr.folkeparti-representantane meinte denne tomta var svært lagleg, og at ein måtte tenkja på at eit ev. bedehus her ville vera eit gode for heile bygda, då det ville koma til å fungera som ei arbeidskyrkje med mange og varierte aktivitetar. Dei meinte at 2 mål jord måtte ein kunna frigi til dette formålet.

## Sal av Hognaland skule

I møte den 18. mars vedtok Bokn kommunestyre å tilby Hognaland skule til Bokn Bygg for kr. 250.000.- Bokn kommune tar på seg å erverva rett til å få leggja avløpsledning frå skulen og ned til sjøen, og skal ha forkjøpsrett til eigedomen.

Sigurd Johnny Svendsen sette fram forslag om ein salssum på 300.000 kr. men han fekk ikkje meir enn tilsaman 5 røyster for dette framlegget.

Så er det opp til Bokn Bygg om dei slår til og kjøper Hognaland skule.

## Skotpremie på mink

Kommunestyret vedtok den 18. mars å innføra skotpremie på mink på kr. 50,- frå 1.mai 1986. Annbjørn Sunde skal bli beden om å administrera ordninga, samt å ta imot dyr.

## Stor konsert i Bokn

SKRUK

SUNNMØRE KRISTELEGE UNGDOMSKOR

Ein vil igjen minna om den store konserten søndag den 6. april i Bokn kyrkje då SKRUK - Sunnmøre kristelege ungdomskor er aktørar. Konserten vil bli halden kl. 11.00 i samband med familiegedsteneste. Det vil bli tatt opp kollekt for å dekkja utgifter til koret si reise. Dei er 50 medlemmer, så det er eit ganske omfattande og kostbart opplegg når dei dreg ut på turne. Koret er kjent frå radio, TV og LP - plater. 2. Påskedag er dei igjen å høyra og sjå i fjernsynet.



# VAKTLISTE

# HEIMESJUKEPLEIEN

MERK:

På tirsdagane på dagtid utfører heimesjukepleien berre faste pleieopdrag. Andre som treng hjelp denne dagen, kontaktar legekontoret tlf. 35 465.

OBS:

TIRSDAG 8. APRIL VERT  
 \*\*\*\*\*  
 I DET IKKJE DOKTOR  
 \*\*\*\*\*

TELEFONAR :

ELSE NILSSEN 35 338  
 MARIE FAYE 35 455  
 EVA SVENDSEN 35 339  
 LEGEKONTORET 35 465

Man. 7. april Tir. 8 Ons. 9	Marie Faye har vakt frå kl.08-16. Mandag og onsdag.	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08. Mandag Marie Faye har vakt frå kl16-08 tirsdag og onsdag
Tor.10 Fre.11	Eva Svendsen har frå kl.08-16.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Lør.12 Søn.13	Marie Faye har vakt heile døgnet	
Man.14 Tir.15 Ons.16 Tor.17 Fre.18	Elise Nilssen har vakt alle dagar unntatt tirsdag frå kl.08-16.	Marie Faye har vakt frå kl.16-08 Mandag. Resten av veka har Eva Svendsen vakt frå kl16-08.
Lør.19 Søn.20	Eva Svendsen har vakt heile døgnet.	
Man.21 Tir.22 Ons.23 Tor.24	Elise Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag	Marie Faye har vakt frå kl.16-08.
Fre.25 Lør.26 Søn.27	Elise Nilssen har vakt heile døgnet	
Man.28 Tir.29 Ons.30	Elise Nilssen har vakt frå kl.08-16 alle dagar unntatt tirsdag	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Tor. 1	Eva Svendsen har vakt heile døgnet	
Fre. 2	Elise Nilssen har vakt frå kl.08-16	Eva Svendsen har vakt frå kl.16-08.
Lør. 3 Søn. 4	Eva Svendsen har vakt heile døgnet	

# POLITIKK

Bokn Bygdeblad har i dette nummeret invitert de ulike partiene til å presentere årsmøterapportene.

Som en vil se, har et av partiene også med historikk. Bokn Høyre har ennå ikke hatt årsmøte og vil ventelig komme med sin rapport senere. Bokn Fremskrittsparti skal ikke ha årsmøte. Dette ifølge formannen.

## bokn kristelige folkeparti

Bokn Kr.F. hadde årsmøte 24/1-86. Det var godt fram møte, 20 av medlemmene møtte. Til formann for 1986 blei Sverre Øvrebø vald. Styremedlemmer for to år blei Solveig Våga (Loten) og Sigmund Alvestad.

Styret i Bokn Kr.F. for 1986 består av formann Sverre Øvrebø, nestformann Sigurd Johnny Svendsen, sekretær Sigmund Alvestad, kasserer Solveig Våga og Karen Hetland.

Einar Steensnes frå Haugesund var foredragshaldar. Han heldt eit interessant foredrag der han nemde tre område der Kr.F. kan markera seg og dermed vekke meir interesse blant folk. Næringslivspolitikken der ny teknologi er nå full fart inn i næringslivet. F.eks. Telematik som gjer at små utkantsteder kan konkurrera på lik linje med store.

Kulturpolitikken. Her må dei frie organisasjonane prioriterast, men ein må og kunne trekkje inn næringslivet.

Sosialpolitikk. I eldreomsorgen må det kontakje nytenking til. Dei eldre er ein ressurse og den må vi nytta. Vi må aktivisera og rehabilitera dei gamle i staden for at dei blir passive.

Sigmund Alvestad.

## bokn senterparti

Senterpartiet takkar bygdebladet for at dei gav oss spalteplass for ein presentasjon.

Vårt parti vart starta i 1920. I slutten på 1959 vart navnet Senterpartiet tatt ibruk. Før den tid var navnet Bondepartiet. Sidan den gong har partiet endra seg på mange områder. Fra å vera eit parti nær knytt til ei spesiell næringsgrein, er me nå eit parti med tilslutnad i heile folket.

Senterpartiet har stått sterkt i lokalpolitikken i Bokn. Ved valet i 1967, 1971 og 1975 fekk vårt parti reint fleirtall i kommunestyret. I 1979 gjekk det ikkje bra, men i 1983 vart det 7 repres. Heilt fra 1959 og ved alle val etterpå har Sp. gått til val på eige lokalprogram. I programmet har me peika på aktuelle saker som det har vært viktig å få gjennomført. I programmet for 1983 er det peika på mange aktuelle saker, men det vert ikkje plass til å ta med dette her og nå. Men me må få nevna at Sp. ser det viktig å styrkja primærnæringsane. Dette er etter vårt syn heilt avgjerande dersom me skal halda på busetnaden i bygda vår. Me må og få nevna kommunikasjonar som er livsviktig. Sp. har i mange år kjempa for at Bokn må verta knytt til fastlandet. Allerede i 1965 tok vårt parti opp spørsmålet om brusaband.

I den nåværande situasjon gjekk vårt parti samla inn for Ars-våg alternativet som ferjestad. Dette gjorde me fordi me meiner at dette var det beste for Bokn samla sett.

Sp. vil at skulen skal utvida skuletilbudet, mellom anna med praktiske fag og utplassering i arbeidslivet. Valfaga må leggjast om frå hobbyprega til meir næringsretta.


Innan helse- og sosialpolitikken vil me byggja vidare på heimesjukepleie og heimhjelp slik at omsorg og pleie kan gis i heimane. Me går inn for lovfesta omsorgsløn, og åpen omsorg så langt det er forsvarleg. For dei som ikkje ynskjer, eller ikkje kan vera heime, må det finnast andre løysingar. Me er difor glad for at sjukeståva i det nye kombibygget kan tas i bruk i 1987.

Senterpartiet har og mange andre saker me er opptatt av men det er ikkje meir spalteplass i denne omgang.

På siste årsmøte vart dette styret valgt:

Ingolf Kro, Sigvart Våga, Alf Alvestad, Annbjørg Bokneberg, Thor Jøsang, Torleif Bokneberg og Bertha Våge.

Med hilsen

  
Ingolf Kro

leiar for lokalpartiet

## bokn arbeiderparti

Årsmøte 7. januar 1986. Ni medlemmer møtte.

1) Rekneskapan vart einstemmig godkjent. Årsmelding for partilaget einstemmig godkjent. Årsmelding for kommunestyregruppa einstemmig godkjent.

2) Innkomne saker: Det låg føre tre forslag til handsaming. Alle var frå Svein Ivar Langhelle. I - PRIVATISERING AV HELSE- OG SOSIALSEKTOREN, II - NY POLITIKK FOR ELDTREOMSORG, III - TILSLUTNING TIL LOSSIUS-UTVALET.

Dei tre framlegga vart drøfta og einstemmig vedtekte oversende til fylkesårsmøtet.


3) Den nye fylkespartisekretøren Arvid Libak helsa årsmøtet og gratulerte med siste val. Han snakka om medlemsverving og drøfta med årsmøtet korleis ein skal legge opp vervinga på lokalplanet.

4) VAL. Styret for 1986 vart: Leiar: Birger Lindanger, Nestleiar: Berit Are, Kasserar: Bjørn Aarsand, Sekretar: Ove Alvestad, Styremedlem: Ingrid Jøsang, 1. varamann: Ottar Alvestad, 2. varamann: Arne Hosaas, 3. varamann: Gustav Solberg, Revisorar: Wenche Jøsang og Else Kjellesvik, Utsendingar til representantskapsmøter: Birger Lindanger og Berit Are, Varamenn: Arne Hosaas og Ingrid Jøsang, Utsending til årsmøtet i Rogaland Arbeiderparti sitt årsmøte: Birger Lindanger, Varamann: Berit Are, Utsendingar til Rogaland Arbeiderparti sitt kvinneutval: Else Kjellesvik og Ingrid Jøsang, Festkomite: Ove Alvestad og Berit Are, Arvid Jøsang og Tove Steingilda. Årsmøtet fann å ville opprette eit utval for helse- og sosialpolitikk. Dette for å kunne førebu partilaget på endringar i denne sektoren i samband med nytt kombibygge og ny politikk innan eldreomsorg. Utvalet har desse medlemmene: Else Kjellesvik, Berit Are og Svein Ivar Langhelle.

Ove Alvestad.



# « Biblioteket »



## OPNINGSTIDER:

TYS DAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>

TORS DAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>

## -LESETIPS FOR APRIL:

### -FOR VAKSNE-

Mörch, Dea Trier:  
Morgengaven. 1986.

Vik, Björg:  
En gjenglemt petunia. 1985.

Stålesen, Gunnar:  
Hekseringen. 1985.

Bagley, Desmond:  
Oppdrag Afrika. 1985.

Johansen, Jahn Otto:  
Russland, Russland. 1985.

Borgen, Brett:  
Lillelord og Lady Brett. 1985.

Ulseth, Otto:  
Arne Larsen Ökland: Proffliv. 1985.

Giordano, Ralph:  
Leas sønner - Bind 1 og 2. 1985.

Carling, Finn:  
Under aftenhimmelen. 1985.

BØKER ELSKER  
LESERE



NYE

**bøker for barn:**

Cunliffe, John:  
Postmann Pat og den mystiske tyven. 1986.

Cunliffe, John:  
Postmann Pat går med beskjed. 1986.

Johnsgaard, Magnar:  
Oljeboka. 1985.

Bergström, Gunilla:  
Vesle Tusk Tullerusk: Nye ramser om  
Gaute og Gulli. 1985.

-BARN TRENG BØKER. LES FOR DEI

# Det blir 17. mai i år også!

17. mai komiteen for 1986 har alt hatt sitt første møte for å planleggja feiringa av dagen, og kva slags aktivitetar og tilbud det skal leggjast opp til.

Etter som det ser ut nå, blir programmet lagt opp i tradisjonell stil med kapproing, folketog, familiegudsteneste, leikar for barn og vaksne, tale for dagen og salg av allslags godsaker. Det blir også som vanleg skytekonkurranse, pilkast o.l. Og så blir det mykje korpsmusikk! Om kvelden blir det fest.

Nytt av året blir folkedansframsyning av musikkskulen sin barneleikarring. Dette vil skje på dagtid.

17. mai komiteen 1986 er: Birger Lindanger, Sigvart Våga, Helga Alvestad, Svein Ivar Langhelle og Reidar Alvestad.

## BRA:

17. mai komiteen av 1985 har bestemt at overskotet på kr. 3.222.- frå 17. mai feiringa 1985 + eventuelle renter, skal gå til nasjonalflagg og flaggstang på Bokn Kombisenter.

## Le dig stilling

BOKN KOMMUNE

HELSESØSTER - VIKARIAT

HEIMESJUKEPLEIAR - VIKARIAT

Frå 9.6.86 er det ledig ferievikariat og vikariat i svangerskapspermisjon i 1/4 stilling som helsesøster i tilsaman 21 veker.

Frå 16.6.86 er det ledig ferievikariat og vikariat i svangerskapspermisjon i 3/4 stilling som heimesjukepleiar. Svangerskapsvikariatet er 18 veker, pluss ferieavvikling i heimesjukepleien.

Det kan bli aktuelt med forlenging av både helsesøster- og heimesjukepleiarvikariatet ut 1986.

Heimesjukepleiaren skal arbeida etter ei turnusordning med heimevakt og enkelt oppdrag ettermiddag og natt, samt enkelte helger.

Heimesjukepleiarstillinga kan delast på to personar.

Løn etter det off. regulativ.

Den som vert tilsett må disponera bil.

Kommunen vil hjelpa til med å skaffa bustad.

Nærare opplysningar om vikariatet kan ein få ved å venda seg til Bokn sosialkontor, tlf. 047 35 532.

Søknad med avskrift av vitnemål og attestar sender ein til Administrasjonsutvalget i Bokn kommune, 4290 Føresvik innen 23.april 1986.

Helse- og sosialleiareren i Bokn

## TANNLEGE?

Det blir stengt på tannlegekontoret tirsdag den 25. mars og tirsdag den 1. april. Ved noko akutt kan ein ringa til Kopervik når kontoret i Bokn er stengt. ( døgnavakt ). Tlf. Kopervik er 50 404. Tlf. tannlegekontoret i Bokn er 35 523 tirsdagar og torsdagar mell. kl. 8.30 - 14.30.

## Me i redaksjonen

ynskjer stadig meir kontakt med boknarane, både enkeltpersonar, lag og organisasjonar. Me håpar at folk kan gi oss tips og inspirasjon til ting me kan skriva om i bladet. Me trur det må vera ein stor fordel for lag og organisasjonar å få kunngjort når dei skal ha møte eller andre arrangement. Me i redaksjonen opplever stadig at

## FOTPLEIE

Det blir fotpleie fredag den 4. april.

Påmelding til sosialkontoret i tlf. 35 532.

## Mynt

Eg er interessert i å kjøpa eller byta myntar som er eldre enn frå 1970. Er spesielt intr. i skilling og speciedaler. Henv. til Stein Alendal tlf. 35 585 tirsdagar mell. kl. 8.30 og 15.00.

## GOD PÅSKE!

det skjer ting som godt kunne ha vore kunngjort i bygdebladet. Kom igjen og gi melding til oss om slike ting, på dagtid tlf. 35 532 (sos.ktr.) eller privat til ein av oss i red. Frå neste nr. har Ingunn Våge sagt seg viljug til å vera lokalkorr. frå Austre Bokn. Bladet kjem ut i kvart månadsskifte. Neste blad slutten av mars. I redaksjonen: Marieke Alvestad Tove Steingilda Ingunn Våge Reidar Alvestad.

# Over 15 år?



**Sparebankenes NYE MiniBank kort.**

**Slik gjør du for å få ditt eget miniBank-kort.** Først åpner du en lønnskonto i den sparebanken som passer deg best. Du behøver ikke ha fast lønn. Bare sett inn de kronene som du nå og da klarer å spare eller tjene. Når du så har lønnskonto, kan du både få bankkort (fin legitimasjon!) og ditt eget miniBank-kort. Som regel går det på noen minutter.

### Kontanter hele døgnet!

MiniBank-kortet ditt har innebygget din personlige kode, og gir deg adgang til å heve kontanter i over 500 pengeautomater i Norge - 24 timer i døgnet. Spesielt fint i ferien - miniBank-kortet er mye tryggere enn å farte rundt med en masse penger på seg. Også når du skal fylle bensin på mopeden din (?) kan du betale med kortet. Det er foreløpig ca. 600 bensinstasjoner som har miniBank-automat.

**SR-BANK Bokn**  
Tlf. 047-35 462

